



Etnedal kommune

Saksframlegg

Mappe: 26/398
ArkivID: K1-149, K2-K09
Saksbehandler: Kari-Elin Solberg
Saglien

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
89/26	Kommunestyret	10.09.2026

Planprogram for revidering av kommunedelplan for naturmangfald 2027-2037 - endeleg godkjenning

Vedlegg:

27.08.2026 Planprogram Naturmangfald Etnedal 2027-2037
12.08.2026 Uttalelse til høring av planprogram for revidering av kommunedelplan for naturmangfald 2027–2037 - Etnedal kommune
12.08.2026 Fråsegn - oppstart - høring av planprogram - kommunedelplan - Etnedal - endring - naturmangfald - 2027 - 2037

Bakgrunn for saken

Etnedal kommune vedtok sin første kommunedelplan for naturmangfald i 2019. Det er no behov for å revidere planen for å oppdatere kunnskapsgrunnlaget, styrkje koplinga mellom naturmangfald og arealplanlegging og sikre eit betre grunnlag for langsiktig og berekraftig forvaltning av naturverdiane i kommunen. Revisjonen skal så langt det er mogleg gjennomførast parallelt med revisjonen av kommuneplanens arealdel.

Revisjonen blir gjennomført som ein planprosess etter plan- og bygningslova. Bakgrunnen for dette er mellom anna at Miljødirektoratet legg opp til at kommunale planar for naturmangfald blir utarbeidde som kommunedelplanar. Planprogrammet er eit styringsdokument for planarbeidet og skal gjere greie for formålet med arbeidet, kva tema som skal utgreiast, korleis arbeidet skal gjennomførast og korleis medverknad skal sikrast. Planprogrammet er utarbeidd med heimel i plan- og bygningslova § 4-1.

Hovudmålet med revisjonen er å få eit oppdatert og samla kunnskapsgrunnlag om naturmangfaldet i kommunen og ein plan som kan nyttast aktivt i arealforvaltninga. Planen skal mellom anna identifisere viktige naturverdiar og sårbare område, avdekkje kunnskapshol og gi eit betre grunnlag for vurdering av eksisterande og framtidig arealbruk.

Forslag til vedtak

Kommunestyret fastset planprogram for revidering av kommunedelplan for naturmangfald 2027–2037.

Høyringsinnspela frå Statsforvaltaren i Innlandet og Innlandet fylkeskommune blir tekne til etterretning og følgde opp i det vidare planarbeidet slik det går fram av saksframlegget.

Saksopplysningar

Forslag til planprogram for revidering av kommunedelplan for naturmangfald 2027–2037 vart lagt ut til høyring og offentleg ettersyn. Formålet med planarbeidet er å oppdatere og systematisere eksisterande kunnskap, vurdere naturtypar, artar og økologiske samanhengar, kartleggje kunnskapshol, vurdere naturverdiar opp mot eksisterande og framtidig arealbruk og utarbeide ein handlingsdel med prioriterte tiltak.

Planen omfattar heile Etnedal kommune og skal innehalde ein kunnskapsdel og ein handlingsdel. Det skal leggjast særleg vekt på naturtypar etter NiN-systemet, vassdrag og myr, artar, sensitive artsdata, funksjonsområde som tiurleikar, økologiske samanhengar og grønne strukturar, kantsoner langs vassdrag samt vurdering av planområde og arealbruk. Naturmangfaldplanen skal vere eit sentralt kunnskapsgrunnlag ved revisjon av kommuneplanens arealdel. Som ein del av arealplanarbeidet skal kommunen også gjennomgå eksisterande reguleringsplanar og arealformål, og naturmangfaldplanen skal nyttast som verktøy for å vurdere eventuell konflikt med viktige naturverdiar.

Det kom inn to høyringsfråsegner til planprogrammet, frå Statsforvaltaren i Innlandet og Innlandet fylkeskommune.

Statsforvaltaren i Innlandet

Statsforvaltaren er positiv til at kommunen reviderer kommunedelplanen for naturmangfald, og særleg til at planen skal nyttast som kunnskapsgrunnlag ved revisjon av kommuneplanens arealdel og ved planvask. Statsforvaltaren vurderer dette som viktige tiltak for ei meir heilskapleg og langsiktig forvaltning av naturverdiane.

Statsforvaltaren trekkjer særleg fram følgjande:

- Reindrift: Samspelet mellom reindrift og naturmangfald bør omtalast, og det bør vurderast korleis desse omsyna kan ivaretakast i forvaltninga. Fram Reinlag blir tilrådd involvert i den vidare planprosessen.
- Kartlegging: Det er avgrensa med nyare naturtypekartlegging i kommunen utanom enkelte område ved mellom anna Gamlestølen, Lenningen og Stavseng. Statsforvaltaren er positiv til kartlegging av kunnskapshol og tilrår særleg prioritering av område der det er ønskje om endra arealbruk.
- Naturrestaurering: Kommunen blir tilrådd å vurdere om det finst areal som er eigna for naturrestaurering, og korleis desse eventuelt kan restaurerast.
- Handlingsdelen: Kommunen bør vurdere kva tiltak i gjeldande plan som har fungert, og kva som ikkje har fungert. Nye tiltak bør vere konkrete, realistiske og prioriterte, mellom anna ut frå gjennomføringsevne og behov for finansiering.

Statsforvaltaren vurderer samla sett at Etnedal kommune har ein god plan for revisjonsarbeidet.

Innlandet fylkeskommune

Innlandet fylkeskommune viser til at gjeldande kommunedelplan framstår som ein aktiv plan, og oppmodar kommunen om framleis å involvere innbyggjarar, lag og organisasjonar og næringslivet aktivt i utforming og gjennomføring av tiltak.

Fylkeskommunen trekkjer særleg fram følgjande:

- Planarbeid og medverknad: Planprogrammet omtalar dei viktigaste temaa, men fylkeskommunen etterlyser noko meir omtale av kva som skal vurderast og korleis. Det blir også peikt på at barn og unge, eldre og personar med nedsett funksjonsevne bør sikrast gode moglegheiter for medverknad.
- Arealforvaltning: Det blir tilrådd å arbeide vidare med korleis naturmangfald skal ivaretakast gjennom heile arealforvaltninga, frå kommuneplan og reguleringsplanar til byggjesak og drift. Fylkeskommunen foreslår mellom anna at relevante retningslinjer og rutinar kan inngå i handlingsdelen og kommunen sine sakshandsamingsrutinar.

- Andre tema: Det blir tilrådd å sjå nærare på samanhengen mellom naturmangfald og mellom anna skogbruk, jakt og fiske, friluftsliv og rekreasjon, vassforvaltning, kulturlandskap, framande artar og massehandtering.
- Kunnskapsgrunnlag og kulturmiljø: Fylkeskommunen viser til mellom anna Innlandsstatistikk og areal- og naturrekneskapen som aktuelle kunnskapskjelder. Det blir også tilrådd å sjå naturmangfald i samanheng med registrerte kulturmiljø og kulturlandskap. Steinsetbygda blir særleg trekt fram som eit område med både høge naturverdiar og mange kulturminne.
- Vassmiljø: Fylkeskommunen er positiv til at vassdrag og myr er prioritert. Regional vassforvaltningsplan skal leggjast til grunn som regional føring, og kommunen blir oppmoda om å styrkje kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald i ferskvatn.

Vurdering

Høyringsfråsegnene frå Statsforvaltaren i Innlandet og Innlandet fylkeskommune er i hovudsak positive til planprogrammet og retninga kommunen har valt for revisjonen. Det er ikkje kome inn merknader som tilseier at formålet eller hovudinnretninga i planprogrammet bør endrast vesentleg.

Fleire av innspela gjeld først og fremst innhaldet i den komande kommunedelplanen og handlingsdelen, og ikkje sjølv planprogrammet. Planprogrammet skal angi rammene for det vidare arbeidet, medan konkrete prioriteringar, vurderingar og tiltak naturleg må utviklast gjennom kunnskapsinnhentinga og utarbeidinga av planforslaget.

Statsforvaltaren sitt innspel om kartlegging blir vurdert som godt ivareteke i planprogrammet. Det er allereie lagt opp til kvalitetssikring av eksisterande data, kartlegging i område med mangelfull kunnskap og særleg prioritering av område med utbyggingspress. Innspela blir tekne med som ei føring når konkrete område for ny kartlegging skal prioriterast.

Innspela om reindrift blir vurderte som relevante og blir tekne med i det vidare planarbeidet. Fram Reinlag bør få høve til å kome med innspel når sjølv planforslaget blir sendt på høyring.

Naturrestaurering er ikkje særskilt framheva som eige tema i planprogrammet, men har nær samanheng med det som allereie er prioritert, mellom anna myr, vassdrag og økologiske samanhengar. Aktuelle behov og moglegheiter for naturrestaurering bør derfor vurderast i det vidare arbeidet. Det blir ikkje vurdert som nødvendig å binde kommunen til utarbeiding av ein eigen restaureringsplan på dette stadiet.

Statsforvaltaren sitt innspel om handlingsdelen blir vurdert som særleg relevant. Erfaringane frå gjeldande kommunedelplan bør nyttast aktivt ved utarbeiding av ny handlingsdel. Tiltaka bør vere konkrete, realistiske og prioriterte, med tydeleg ansvar og tidsramme. Dette samsvarar med planprogrammet, der det allereie er lagt til grunn at handlingsdelen skal peike ut prioriterte tiltak, ansvar og tidsrammer.

Fylkeskommunen sitt innspel om ei sterkare kopling til den øvrige arealforvaltninga samsvarar godt med eit av hovudformåla med revisjonen. Planprogrammet legg allereie opp til at naturmangfaldplanen skal vere eit sentralt kunnskapsgrunnlag for kommuneplanens arealdel og planvask, og at det skal utviklast enkle og etterprøvbare kriterium for vurdering av naturverdiar. Forslaget om relevante rutinar og retningslinjer for korleis naturmangfald skal ivaretakast i plan- og byggjesaker, blir vurdert som aktuelt å arbeide vidare med i handlingsdelen.

Fylkeskommunen sitt forslag om å sjå naturmangfald i samanheng med skogbruk, jakt og fiske, friluftsliv, kulturlandskap, framande artar, massehandtering og andre interesser blir vurdert som relevant. Temaa bør behandlast der dei har ein tydeleg samanheng med naturmangfald og kommunen si areal- og naturforvaltning. Samstundes bør planen avgrensast slik at han blir eit praktisk og anvendeleg verktøy.

Innspela om kulturmiljø og kulturlandskap blir tekne med i det vidare arbeidet. Dette er særleg relevant der naturverdiar er avhengige av tradisjonell bruk og skjøtsel. Steinsetbygda og andre verdifulle kulturlandskap kan inngå i kunnskapsgrunnlaget der dette er relevant.

Fylkeskommunen sitt innspel om ferskvatn blir vurdert som viktig. Vassdrag er allereie eit prioritert tema i planprogrammet, men kunnskapsgrunnlaget om akvatisk naturmangfald kan vere svakare enn for natur på land. Tilgjengeleg kunnskap frå mellom anna regional vassforvaltning og relevante databasar bør derfor inngå i planarbeidet, og behovet for ytterlegare kunnskapsinnhenting blir vurdert i den vidare prosessen.

Når det gjeld medverknad, legg planprogrammet allereie opp til brei medverknad frå grunneigarar, lag og organisasjonar, næringsliv, offentlege myndigheiter og innbyggjarar. Fylkeskommunen sitt innspel om å sikre moglegheit for medverknad for mellom anna barn og unge, eldre og personar med nedsett funksjonsevne blir teke med i gjennomføringa av planprosessen.

Samla sett blir planprogrammet vurdert å gi eit godt og tilstrekkeleg rammeverk for det vidare arbeidet med kommunedelplanen. Høyringsinnspela støttar i stor grad opp under prioriteringane som allereie ligg i planprogrammet, samtidig som dei gir nyttige presiseringar som blir tekne med vidare ved oppdatering av kunnskapsgrunnlaget og utarbeiding av planforslag og handlingsdel.

Det blir på denne bakgrunnen ikkje vurdert som nødvendig å gjere vesentlege endringar i planprogrammet som følge av høyringa. Dette er også i tråd med framgangsmåten ved utarbeidinga av den første kommunedelplanen, der høyringsinnspela i hovudsak vart tekne med vidare i sjølve planarbeidet framfor å gjere planprogrammet vesentleg meir detaljert.

Planprogrammet blir derfor tilrådd fastsett, og høyringsinnspela frå Statsforvaltaren i Innlandet og Innlandet fylkeskommune blir tekne med i det vidare planarbeidet.